



Høyskolen  
Kristiania

**SIF2102-1 26V**

**Samfunnskunnskap - internasjonale forhold**

**Kandidatnummer: 24**

# Innholdsliste

Innholdsliste	2
Del 1	2
<b>Valet mellom uniform og fengsel</b>	<b>3</b>
Einvegsbillett til krigen	4
Prisen for å seie nei	5
Asymmetriens andlet	6
Ein veg utan retur	6
Del 2	10
<b>Refleksjonsnotat</b>	<b>10</b>
Metodisk arbeid og kjeldejakt	10
Kjønn og representasjon	10
Læring og refleksjon over konstruktiv journalistikk	11
Del 3	12
<b>Refleksjon over konflikten i Israel og Palestina</b>	<b>12</b>
Konfliktens drivkrefter og involverte aktører	12
Terrorbølger	13
Internasjonal involvering	13
Moglege løysingar og tankar	13

Del 1

**Tenkt publisert:** VG Helg

**Sjanger:** FEATURE

**Vinkling:** To unge menneske i krig. Den eine ofrar alt for å få bere uniforma, den andre ofrar fridomen for å sleppe.

## Valet mellom uniform og fengsel

**Medan Ruby (20) forlet Australia for å kjempe for Israel, valde Yuval (19) fengselscella. To unge liv, to uforsonlege val i ein krig utan ende.**



Yuval Pellego. Foto: Oren Ziv

Av: kandidatnummer 24

Lyden av knitring frå grillen er bytta ut med det metalliske klikket frå eit geværmagasin som vert låst på plass. For mindre enn eit år sidan var sanden mellom tærne til Ruby Amouyal

(20) kvit, mjuk og varm. No kjenner ho berre den tunge vekta av lærestøvlar mot det harde, støvete golvet i ein israelsk militærleir.

Sola stikk her og, men ho varmar ikkje på same måte som i den heimlege kystbyen i Australia. Ho rettar på den grøne uniforma. Ho er ikkje lenger berre Ruby, ho er eit nummer, ein funksjon, ein del av eit maskineri. Ho eig ikkje lenger si eiga tid. Ho er, med eigne ord, “IDF sin eigedom”.

Samstundes, berre nokre mil unna, sit ein annan ung mann i ein heilt anna uniform. Yuval Pellego (19) er slank, har flammande raudt hår og briller. Han sit i ei celle i eit militærfengsel. Der Ruby har valt å gå inn i rekkene, har Yuval valt å stå utanfor. Han fekk 130 dagar bak muren framfor å ta del i folkemordet.

I mai-sola i Tel Aviv er kontrastane skarpare enn nokon gong. For dei fleste 18-åringar i Israel er militærtjeneste ein sjølvfølge, ein overgangsrite frå barn til vaksen. Men bak fasaden av nasjonalt samhald finst det dype sprekker. I dag sit framleis tusenvis av unge menneske i uniform, medan andre sit bak lås og slå.

### Einvegsbillett til krigen

Ruby Amouyal (20) ser ut som ho høyrer heime på ei strand i Australia. Ho er slank, blond og snakkar med ein varm, australsk aksent som framleis kjempar mot dei harde hebraiske glosene. Men i staden for surfebrett, ber ho no ein israelsk automatkarabin. Ho tok eit val som dei fleste ville nølt med. Ho kjøpte einvegsbillett til Tel Aviv, utan jobb eller bustad, for å konvertere til jødedommen og verve seg til Israel Defense Forces (IDF).

– Eg ville gjere noko meningsfylt. Eg støttar Israel og den jødiske sida av familien min. Eg følte at dette var den rette plassen for meg, fortel ho via skjermen.

Det var ingen som tvinga Ruby. Ho hadde ikkje noko innkallingskort i postkassa heime i Australia. Ho kunne ha vore på stranda no. Ho kunne ha studert, reist på festivalar eller planlagt friåret sitt. I staden valde ho å forlate tryggleiken for å tre inn i ein konflikt som splittar verda i to. Valet var ein reaksjon på ein aukande utryggleik ho følte på andre sida av kloden, ein reaksjon på antisemittisme ho sjølv hadde følt på kroppen.

For Ruby handlar tenesta om personleg vekst og disiplin. Ho er det som blir kalla ein “Lone Soldier”, ein soldat som tenestegjer utan å ha foreldra sine i landet. I det israelske samfunnet blir desse ofte sett på som idealistar, unge menneske som ofrar alt for eit land dei ikkje eingong er fødde i. Ho skildrar kameratskapet i leiren som ein familie, ein naudsynt tryggleik når alt anna er framandt.

Men ho legg ikkje skjul på prisen.

– Du mistar komfort, privatliv, rutinar og søvn. Man blir testa emosjonelt og mentalt meir enn man forventar, seier ho. Det verste er å bli splitta frå gruppa si. I militæret skjer omstasjoneringar brått, og venner ein har delt alt med, ser ein aldri igjen. Ho skildrar det som eit hjarteskjerande brot.

Prisen for å seie nei

Der Ruby ser eit skjold og ein veg til personleg vekst, finst det ein annan kvardag berre nokre kilometer unna. Yuval Pellego (19) er ein av dei såkalla “refuseniks”. Han representerer ein veksande bevegelse av unge israelarar som nektar militærtjeneste i protest mot okkupasjonen. For dei er ikkje uniforma ei ære, men eit moralsk uføre dei ikkje kan akseptere.

– Eg valde fengsel framfor IDF fordi hæren gjer seg skuldig i folkemord, og det er moralsk avskyeleg å ta del i det, seier han

Han skulle opphavleg sitte inne i 30 dagar, men straffa blei til slutt forlenga til 130 dagar. Yuval skildrar kvardagen i det militære fengselet som kjedeleg og prega av ubehagelege madrassar og dårleg mat. Men det var ikkje berre dei fysiske kåra som var tunge, det var den psykiske belastninga ved å miste fridomen og vere isolert frå verda utanfor. Då dei andre fangane fekk vite kvifor han var der, byrja dødstruslane. Han blei kalla ein svikar i sitt eige land.

Yuval er likevel rask med å setje sin eigen liding i perspektiv. Han dreg fram korleis palestinarar i israelske fangeleirar blir utsette for tortur, og korleis transjenter i det same fengselet blei sitjande i isolat under heile opphaldet sitt. Sjølv blei han ofte sett til “vakt-teneste” i isolasjonsavdelinga, der han var vitne til grove brot på menneskerettar.

– Cellene var bittesmå og hadde berre ein vask og eit metalltoalett. Innsatte blei i periodar haldne i handjern over lang tid og behandla med total respektløyse av vaktene, fortel han.

Sjølv om ein har rett til å sjå lege, måtte han vente i ei veke medan smertene herja. Likevel angrar han ikkje. Å stå for noko har ein pris, og Yuval var villig til å betale den.

– Eg er glad for at eg tok eit standpunkt i staden for å delta, uansett kor ubetydeleg det kan verke. Å bli lauslaten og vite at eg ikkje skal tilbake, er den beste kjensla eg har hatt.

### Asymmetriens andlet

Det er i denne gråsona både Ruby og Yuval lever. De representerer kvar si side av ein asymmetrisk røyndom, der frontlinjene ikkje berre går gjennom gater, men gjennom deira eiga identitet. Ruby er ein del av ein høgteknologisk militærmakt som ho meiner er nødvendig for overleving.

– Ein ting eg ønskjer at folk skal forstå, er at IDF består av vanlege menneske. Unge folk med familiar, kjensler, frykt, mål og draumar. Vi er ikkje berre det biletet folk reduserer oss til på nettet, seier ho alvorleg.

Ho ser røyndommen frå innsida av rekkene. For ho er ikkje krigen ei overskrift, det er ein kvardag ho deler med jamaldrande som ho søv i køyeseng med. Yuval, på si side, meiner at dette samhaldet er ein del av ein farleg indoktrinering som startar tidleg.

– Som israelarar blir vi lærte opp frå vi er små til å tru at militærtjenesta er naturleg. Vi stoppar aldri opp for å tenke over kva det faktisk betyr, seier han. Han meiner det kollektive presset gjer det nesten umogleg å sjå mennesket på den andre sida av muren.

### Ein veg utan retur

Både Ruby og Yuval har teke val som har endra dei for alltid. Ruby har ingen planar om å dra tilbake til det bekymringsfrie livet i Australia med det første. Ho har funne eit formål. Ho snakkar om å meistre hebraisk og å forstå røtene sine, og om å bevise for seg sjølv at ho kan stå oppreist når verda stormar. Men i dei mørkegrøne nyansane av uniforma hennar, ligg også tyngda av ein røyndom der ingen lenger er heilt uskuldige. Den asymmetriske krigen ho er ein del av, vil setje spor som ikkje let seg vaske bort med australsk sjøvatt.

Yuval er no ute av fengselet, men han kjempar framleis ein sivil kamp. Han drøymmer om eit Israel der jødar og palestinarar kan leve side om side utan murar og okkupasjon. Han veit at han er ein minoritet i sitt eige land, men kjensla av å vere tru mot seg sjølv veg tyngre enn fridomen han miste.

– Eg angrar ikkje. Det var forferdeleg då alle forventa at eg skulle delta, og eg er glad eg tok eit standpunkt, seier han. For han var lauslatinga den beste kjensla i verda, ikkje berre fordi han slapp ut av ei celle, men fordi han slapp ut av eit system han ikkje kunne stå inne for.

Medan mai-dagen går mot hell, står Ruby klar til ei ny vakt for landet ho har valt å kalle sitt. Samtidig fortset Yuval sin kamp på utsida av fengselsmurane, fast bestemt på at hans protest har noko å seie for framtida, uansett kor ubetydeleg den kan verke i det store spelet. Dei står på kvar si side av ein mur som er meir enn berre stein og betong. Det er ein mur av overbevisning, historie og ofre.

Begge meiner dei gjorde det einaste rette.

— —

Under er skjermdump frå svarene eg fekk frå Yuval Pellego på mail. Det første bildet er meint for å vise at samtalen skjedde under eksamensperioden.



יובל פלג  
til meg ▾

tor. 7. mai, 22:28 (for 4 timer siden) ☆ 😊 ↩ ⋮

Ikke oversett engelsk ×

To put it simply, I chose prison over the IDF because the IDF is committing the crime of genocide and it is morally abominable to take part in it. If you'd like I can elaborate more about how (in my opinion) the army's actions aren't doing any good for the safety of Israel citizens either and the long history of the occupation, but that is the gist of it.

To put it simply, I chose prison over the IDF because the IDF is committing the crime of genocide and it is morally abominable to take part in it. If you'd like I can elaborate more about how (in my opinion) the army's actions aren't doing any good for the safety of Israel citizens either and the long history of the occupation, but that is the gist of it.

I am extremely grateful for the reaction of my family, they supported me throughout the process and even those who aren't as politically involved and me and didn't fully understand where I was coming from still supported me on a personal level. I'm very lucky to have such an environment

I'm not sure I understand the question "Did you have any rights", I was treated fine all things considered as I was in a military prison (which is where soldiers get sent) so while it was very far from a "nice" place to be in it wasn't terrible, especially compared to how Palestinians are tortured in Israeli detention camps or even compared to trans girls in the same prison were treated (they were in solitary confinement throughout their time there).

There's not a lot to say about the day-to-day life in prison, it was quite boring, the mattresses were uncomfortable and the food wasn't great but I don't have any more serious complaints to make. We could bring books which was nice and there were TVs in the cells. It is hard to describe the experience psychologically as even though the conditions were mostly fine it was definitely difficult to be without freedom, confined to a cell and disconnected from the outside world. The biggest issue for me was when other inmates found out why I was there and I started receiving death threats, though luckily there was never any physical violence.

As I said, there is no comparison to be made between how I was treated in an Israeli military prison for IDF soldiers and how for example Palestinians are treated in Israeli prisons. As a conscientious objector I was definitely unique, as most inmates were soldiers who got sentenced to prison (most frequently for desertion, occasionally for drug usage or worse offences), but most people (including the prison staff) didn't know the details so I wasn't treated particularly uniquely. As prisoners we definitely weren't treated as nicely as you would hope but I can't think of anything remarkable. It is probably worth mentioning that there was a solitary confinement wing, where they'd send "problematic" inmates (usually suicidal or violent towards other inmates/staff), I was sent there a lot of times on "guard duty" (they'd just take someone from the "normal" wing for 4 hour shifts in the solitary confinement to be in a cell with the inmates that are there) and there were definitely human rights abuses there, the cells were tiny and only had a sink and a metal toilet, inmates were sometimes kept handcuffed for extended periods of time, treated with complete disrespect by the guards and so on. If you want I can elaborate more or send you an article about it

The worst experience was probably when I was sick, they are supposed to let you see a doctor every day but they didn't and I waited around a week until I could see one, and even then it didn't help much (being in prison while sick is generally just quite awful). It was also pretty bad when inmates would tell me they'd kill me if they saw me outside and things like that.

No.

I'm not sure if it is reasonable to "recommend" people to go to prison. For me the experience was tolerable but I have seen inmates on whom it was very very difficult. When it comes to refusing to serve in the IDF, I think that when confronted with the nature and severity of the crimes committed by the organization, as well as the historical context of what it upholds and represents, the only moral decision one can make is to refuse. As Israelis we are indoctrinated from a very young age about serving in the army, it is treated as completely natural and obligatory and we never really stop to think about what it actually means. That is why I can't expect anyone to come to the conclusions I have come to and make the decisions I have made, and I feel very lucky to have found myself in this position. But I would absolutely ask my fellow Israelis to think about what the military service is and hopefully understand why it is wrong.

First of all I do not regret it. It was awful when I felt like everyone expected me to serve and participate in the genocide and I am glad that instead I made a stand against it, as insignificant as it may have been. Being released and knowing I'm not going back to prison was probably the best feeling I've ever had and I still think back to that period very frequently and am so grateful to have gotten out of it. I continue to be as involved as I can manage in activism and fighting the Israeli crimes and even though it often feels like none of the demonstrations or actions we do have any impact, I do believe that ultimately what we do matters and we will succeed.

I hope for peace and equality in the land, for Palestinians to not live under occupation and genocide and for Jews to be able to exist peacefully without eternal wars. And I recognize that peace and equality can only be achieved once the Jewish-supremacist apartheid state is dismantled. I sincerely believe that things cannot go on like this forever, one day the terror will end and we will be able to finally live normal lives. I hope to see that soon.



As of May 2026 it feels like everyone has completely forgotten about Gaza, we were told that there was a ceasefire and we act as if the genocide is over but it's not. The attacks on Gaza and its civilian population continue, all while the ethnic cleansing of the West Bank is more intense than ever before. The severity of the situation cannot be understated and those who facilitate it must be held accountable.

I will attach 2 pictures, use whichever one you prefer. The first one was taken by Oren Ziv and is more recent, the second one was taken by Soul Behar Tsalik from Mesarvot shortly before I refused.

Hopefully this helps, good luck with your exam!  
Yuval

Samtalen under er med Ruby Amouyal på TikTok. Siden eg har vert i kontakt med ho i dag (7.mai), viser bildene ingen spesifikk dato. Håper det går greit, sidan eg har med dato frå

samtalen med Yuval Pellego. Har også lagt ved eit bilete av ho under frå TikToken hennas, siden ho ikkje svarte på om eg kunne bruke noko i sjølve teksten. Det er berre for dokumentasjon.



## Del 2

# Refleksjonsnotat

I arbeidet med denne eksamensoppgåva har eg erfart at journalistikk i krig og konflikt handlar like mykje om uthald og etiske vegval som sjølve skrivinga. Ved å bruke rettleiaren for konstruktiv journalistikk som metodisk verktøy, har eg forsøkt å gi lesaren ei djupare forståing av kompleksiteten i det israelske samfunnet gjennom historiene til Ruby og Yuval

## Metodisk arbeid og kjeldejakt

Journalistikk i krig og konflikt krev ein balansegang mellom empati og kritisk distanse. Mi kjeldejakt var prega av eit ønske om å finne “motpolar” og unngå dei mest openberre vinklingane. I tråd med prinsippet om å “vise usikkerhet”, må eg vere ærleg om at den journalistiske prosessen var utfordrande og tidvis prega av egne feilprioriteringar. Eg utsette kjeldesøket, noko som førte til ein intens innspurt då fleire potensielle kjelder fall bort. Eg forsøkte først å få kontakt med jamaldrande i Iran, men manglande internett i landet gjorde dialogen umogleg. Vidare var eg i kontakt med ei ung jente i Israel, men då ho var under 18 år og stadfestinga frå foreldra uteblei, tok eg ei etisk beslutning om å ikkje bruke ho som kjelde.

Dette resulterte i at dei endelege kjeldene mine først kom på plass kvelden før levering. Sjølv om tidspresset var stort, ser eg i ettertid at dette var naudsynt for å sikre kjelder som faktisk gav saken den rette konteksten og kompleksiteten. Ved å få svar frå Yuval seint på kvelden, fekk eg den nødvendige motvekta til Ruby si historie, noko som let meg unngå enkle dikotomier som “heilt god mot heilt ond”.

## Kjønn og representasjon

Eit sentralt og medvite val i artikkelen min var å inkludere ei kvinneleg hovudkjelde. Forsking viser at kvinner er langt mindre synlege i nyheitsmedia enn menn, (NTB, 2025), noko som er særleg tydeleg i krigsrapportering der militære og politiske elitar ofte dominerer. Ved å intervju Ruby, har eg følgd rettleiaren sitt råd om å ta med fleire stemmer, inkludert kvinner og unge. Dette valet handlar om å utfordre det maskuline narrativet i krig og vise at kvinner si deltaking og deira ofre er ein like viktig del av røyndommen. Ved å la Ruby setje

ord på tap av privatliv og emosjonell belastning, får vi eit anna innblikk i IDF enn det reint strategiske.

### Læring og refleksjon over konstruktiv journalistikk

Gjennom prosessen har eg lært at verda ofte blir “nummen” av stadige bilete av smerte, noko som gjer det endå viktigare å formidle historier som skapar identifikasjon framfor berre avstand. Eg har sett korleis eg som journalist kan bruke konstruktive spørsmål for å avdekke personleg handlekraft, slik som Yuval sitt val om å nekte teneste trass i straffa det medførte.

Det eg tek med meg vidare, er erkjenninga av at god utanriksjournalistikk krev tid, is i magen og eit medvite forhold til kven som får kome til orde. Eg har lært at min posisjon som privilegert student gir meg eit ansvar for å stille spørsmålet “Kven tener på dette narrative?”. Ved å inkludere både ei kvinneleg soldat og ein mannleg militærnektar, har eg prøvd å bryte ned “murar av overbevisning” og vise at det finst menneskelege nyansar sjølv i dei mest betente konflikta. Sjølv om arbeidsøkta vart lang, ser eg nytten av å halde fast på målet om mangfald og etisk refleksjon

## Refleksjon over konflikten i Israel og Palestina

Konflikten mellom Israel og Palestina er kanskje vår tids mest komplekse døme på korleis historiske traume, religiøs ekstremisme og moderne maktpolitikk koliderer. Ved å bruke perspektiv frå pensum og egne refleksjonar, skal eg få fram at dette ikkje berre er ein territorial strid, men ein kamp om kva reglar som skal gjelde for det internasjonale samfunnet i det 21. århundre.

### Konfliktens drivkrefter og involverte aktørar

Ei av hovuddrivkreftene i konflikten i dag er erstatninga av diplomati med rein maktpolitikk. Der ein tidlegare søkte løysingar gjennom Oslo-avtalen og internasjonal rett, ser vi no ei utvikling prega av det ein kan kalle “trumpisme”. Som pensum skildrar, er dette ei verd der makt definerer rett, og der internasjonale institusjonar blir sett på som hinder for nasjonal interesse.

Eg vil argumentere for at denne haldninga har gjeve ideologisk ammunisjon til dei mest ytterleggående kreftene på begge sider. Når ein stormakt som USA legitimerer israelsk ekspansjon basert på “jernlovene” om styrke, undergrev det samstundes dei palestinske moderate kreftene som argumenterer for folkeretten. Dette skaper eit vakuum som blir fylt av aktørar som Hamas og Hizbollah. I boka *Terrorismens historie* blir det peika på korleis desse gruppene fungerer i eit asymmetrisk maktspel. Kor Hizballah er den organisasjonen som i størst grad har vert avhengig av direkte statsstøtte for å kunne fungere som eit utenrikspolitisk instrument (Sitter, 2017, 202)

Dette er eit sentralt poeng for min refleksjon. Konflikten er ikkje lenger berre lokal. Hizbollah og Hamas fungerer som “proxiar” for Iran, noko som gjer at sivilbefolkninga i Gaza og Libanon blir brikker i eit større regionalt spel om hegemoniet i Midtausten. Min refleksjon er at dette gjer konflikten ekstremt vanskeleg å løyse. Aktørane på bakken har ofte ikkje full kontroll over sin eigen agenda fordi det er finansielt og miliært avhengige av eksterne sponsorar.

## Terrorbølger

For å forstå verkemidlane i konflikten må vi sjå på David C. Rapoport's bølgeteori. Den fjerde bølga, den religiøse, er tydeleg til stades. Som Sitter (Sitter, 2017, 199) skildrar, førte den islamske revolusjonen i 1979 til at terrorismen fekk eit “guddommeleg mandat”. Her ser vi eit skifte frå nasjonal frigjeringskamp til ein eksistensiell religiøs krig.

Men passar situasjonen i dag inn i den “femte bølga”? Eg vil hevde at vi ser konturane av noko nytt. Dersom den femte bølga handlar om stormaktsstøtta terrorisme og ein retur til sivilisasjonskamp, er Israel-Palestina episenteret. Når vestlege politikarar nyttar religiøs retorikk for å støtte territorial utviding, og motparten svarar med religiøst grunngjeve terror, forsvinn den politiske kompromisset. Mi vurdering er at vi no er inne i ein fase der asymmetrisk krigsføring er i ferd med å bli normalisert som eit statleg verktøy. Dette er urovekkjande fordi det viskar ut skilet mellom stridande og sivile, noko som er fundamentet i krigens folkerett.

## Internasjonal involvering

Det internasjonale samfunnet er i dag meir involvert i å finansiere og våpenføre kvar sin side enn i å megle. Refleksjonen min her er at “spinndiktator-logikken” har smitta over på korleis vi ser på internasjonale avtalar. Om ein stat kan ignorere FN-resolusjonar utan konsekvensar fordi dei har støtte frå ei stormakt, kva insentiv har då ikkje-statlege grupper til å følge internasjonale normer?

USA si rolle som “garantist” for Israel og Iran si rolle som støttespelarar for militane skaper ein låst dynamikk. Det internasjonale samfunnet fungerer som ein bensinleverandør til eit allereie brennande bål, snarare enn som ein brannslukningsbil.

## Moglege løysingar og tankar

Kva er vegen vidare? Pensum lærer oss at terrorisme ofte døyr ut når målet er nådd, eller når gruppa mister støtte. Men i ein konflikt der begge føler seg eksistensielt truga, fungerer ikkje den logikken.

Etter min meining ligg den einaste langsiktige løysinga i ein retur til universelle standardar. Vi kan ikkje ha eit internasjonalt system der det er “ulike standardar for ulike menneske”, slik kritikken mot moderne maktpolitikk lyder i pensum. Dette innebærer ein konsekvent bruk av

humanitær rett. Krigsbrottsverk må straffast uavhengig av om dei er utførte av ein stat eller ei terrorgruppe. Noko anna er avvikling av “proxy-systemet”. Internasjonalt press må rettast mot sponsorstatane, som Iran og USA, for å tvinge fram kompromiss.

Å tru på ei snarleg løysing er naivt, men å forstå at konflikten blir drive fram av både religiøs fanatisme (den fjerde bølga) og kynisk maktpolitikk (spindiktator-ideologi) er nødvendig for å i det heile tatt kunne starte ein dialog. Skal vi kome vidare, må vi slutte å sjå på konflikten som ein kamp mellom det gode og det onde, og heller sjå det som ein menneskeleg tragedie fanga i eit utdatert og kynisk maktpolitisk spel.

### References

NTB. (2025, 09 03). *Eldre menn er fortsatt de som snakker mest i norske medier*. Kampanje.

<https://www.kampanje.com/medier/eldre-menn-er-fortsatt-de-som-snakker-mest-i-norske-medier/942005>

Sitter, N. (2017). *Terrorismens historie: attentat og terrorbekjempelse fra Bakunin til IS*.

Dreyers Forlag Oslo.